

Gaular kontrollutval

SEKOM-sekretariat

Møtebok

Møtestad: Gaular kommunehus, møterommet
Dato: 14.09.2016
Tid: Kl. 09:00 – 11:50

Faste representantar som møtte:

Aud Lunde
Dag Kjetil Storøy
Jarl Tyssekvam
Lars Egil Viken
Margunn Dyrdal

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
30/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
31/16	Skriv og meldingar
32/16	Rekneskap og årsmelding for helse- og sosial / skule- og kultur
33/16	Rekneskapsrevisjon 2016 - informasjon frå revisor
34/16	Forvaltningsrevisjon - val av prosjekt
35/16	Budsjett for Gaular kontrollutval 2017
36/16	Oppfølgingsliste 4 - 2016
37/16	Eventuelt

Til stades: Rådmann Atle Fasteland, KRYSS Revisjon ved Charles Litsheim, Stig Årdal og Asgeir Tveit, SEKOM-sekretariat ved Arnar Helgheim.

Møtet starta med presentasjonsrunde både av utvalet og ved nyttilsett rådmann.

Jarl Tyssekvam fekk permisjon frå og med sak 36.

Underskrifter:

30/16: Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Handsaming i Gaular kontrollutval 14.09.2016:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

GAU- 30/16 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

31/16: Skriv og meldingar

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

Handsaming i Gaular kontrollutval 14.09.2016:

Presentasjonsrunde ved utvalet og Atle Fasteland som er ny rådmann.

Charles Litsheim informerte om rekneskap og årsmelding frå KRYSS Revisjon, og om mogeleg samling til ei revisjonseining i fylket.

Arnar Helgheim orienterte om uttale til NOU om ny kommunelov frå Sekretariatsforumet for Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane.

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

GAU- 31/16 VEDTAK:

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

32/16: Rekneskap og årsmelding for helse- og sosial / skule- og kultur

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Informasjonen vert teken til orientering.

Handsaming i Gaular kontrollutval 14.09.2016:

Etatsjefane hadde medlt frå om at dei diverre ikkje kunne møte.

Rådmannen orienterte om organiseringsarbeidet i etatane med bakgrunn i konsulentrapport. Han informerte også om oppstart av prosess mot kommunesamanslåing.

Framlegg i møtet:

Etatsjefane for helse- og sosial og skule- og kultur vert invitert til å orientere i neste møte.

Framlegget i møtet vart samrøystes vedteken.

GAU- 32/16 VEDTAK:

Etatsjefane for helse- og sosial og skule- og kultur vert invitert til å orientere i neste møte.

33/16: Rekneskapsrevisjon 2016 - informasjon frå revisor

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Handsaming i Gaular kontrollutval 14.09.2016:

KRYSS Revisjon ved Asgeir Tveit informerte med utgangspunkt i systemet Descartes som dei nyttar.

Framlegg i møtet:

Informasjonen vert teken til orientering.

GAU- 33/16 VEDTAK:

Informasjonen vert teken til orientering.

34/16: Forvaltningsrevisjon - val av prosjekt

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

1. Kontrollutvalet tingar forvaltningsrevisjon hjå KRYSS Revisjon om Sårbarheit i organisasjonen.
2. Hovudproblemstilling:
 - Korleis sikrar kommunen at oppgåver og tenester vert løyst uavhengig av enkelttilsette?
3. Underproblemstillingar:
 - Har kommunen system for reserveløysing ved fråvær av nøkkelpersonar? Følgjer ein dette opp?

- Har kommunen system for internkontroll, og korleis vert dette følgt opp?
4. Prosjektplan skal ligge føre til handsaming i neste møte i kontrollutvalet. Frist for rapport frå forvaltningsrevisjonen vert 1.5.17.

Handsaming i Gaular kontrollutval 14.09.2016:

Endringsframlegg i møtet:

Punkt 1: endra tekst frå "forvaltningsrevisjon" til "revisjonsrapport".

Tilrådinga med endringsframlegg i møtet vart samrøystes vedteken.

GAU- 34/16 VEDTAK:

1. Kontrollutvalet tingar revisjonsrapport hjå KRYSS Revisjon om Sårbarheit i organisasjonen.
2. Hovudproblemstilling:
 - Korleis sikrar kommunen at oppgåver og tenester vert løyst uavhengig av enkelttilsette?
3. Underproblemstillingar:
 - Har kommunen system for reserveløysing ved fråvær av nøkkelpersonar? Følgjer ein dette opp?
 - Har kommunen system for internkontroll, og korleis vert dette følgt opp?
4. Prosjektplan skal ligge føre til handsaming i neste møte i kontrollutvalet. Frist for rapport frå forvaltningsrevisjonen vert 1.5.17.

35/16: Budsjett for Gaular kontrollutval 2017

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett for drift av kontrollutvalet i 2017:

Konto	Tekst	B2015 (KU)	B2015
10800	Godtgjersle folkevalde	25 000	26 000
10801	Godtgjersle leiar råd/utval	20 000	21 000
10990	Arbeidsgjevaravgift	4 000	4 000
11200	Diverse	2 000	2 000
11500	Opplæring/kurs/seminar	20 000	20 000
11600	Skyss- og diett	2 500	2 500

11651	Telefongodtgjersle	2 000	2 000
11959	Kontingentar	1 500	1 500
	Netto	77 000	79 000

Handsaming i Gaular kontrollutval 14.09.2016:

Overskriftene på kolonnene vert retta til B2016 og B2017.

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

GAU- 35/16 VEDTAK:

Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett for drift av kontrollutvalet i 2017:

Konto	Tekst	B2016(KU)	B2017
10800	Godtgjersle folkevalde	25 000	26 000
10801	Godtgjersle leiar råd/utval	20 000	21 000
10990	Arbeidsgjevaravgift	4 000	4 000
11200	Diverse	2 000	2 000
11500	Opplæring/kurs/seminar	20 000	20 000
11600	Skyss- og diett	2 500	2 500
11651	Telefongodtgjersle	2 000	2 000
11959	Kontingentar	1 500	1 500
	Netto	77 000	79 000

36/16: Oppfølgingsliste 4 - 2016

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Handsaming i Gaular kontrollutval 14.09.2016:

Jarl Tyssekvam fekk persmisjon før denne saka.

Arnar Helgheim gjekk gjennom oppfølgingslista.

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

GAU- 36/16 VEDTAK:

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

37/16: Eventuelt

Handsaming i Gaular kontrollutval 14.09.2016:

Tema som vart tekne opp under eventuelt:

- Utviding av stillingar. Spørsmål om praksis i Gaular kommune knytt til rettane for tilsette som ikkje har heile stillingar. Utvalet ber om informasjon i neste møte.
- Rettar til støttekontakter og familieavlastarar knytt til sak i rettssystemet om at desse har rett til fast tilsetjing og ikkje oppdragsavtale. Utvalet ønskjer informasjon om kommunen har byrja arbeid med dette. Utvalet ønskjer også informasjon om korleis kommunen vil organisere tenestene i framtida.
- Administrasjonsspråk: Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) oppmodar om utarbeiding av målbruksplan. Korleis vert dette følgt opp i Gaular kommune?
- Vidareutdanning av lærarar: Oppfølging av kvalitetsreformen. Er det sett av ressursar til dette?
- Felles samling med kontrollutvala i Førde, Naustdal og Jølster våren 2017? Utvalet er positiv til dette.

GAU- 37/16 VEDTAK: